



Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr. 3

Haust 2017

74. årgang



Nøgde deltakarar på Hidraturen i Rasvåg på en strålende sumardag

Foto: Olav Nilsen.

**Dette kan du
lese om i
Kyrkjebladet:**

Andakt.....	s. 2
Friluftsgudsteneste/Olsokmessa	s. 3
Folkemusikkmessa	s. 4
Tur til Hidra.....	s. 5-7
Førjulskonsertar	s. 9
Gudstenesterekke og møter	s. 10
Kontortid og telefonliste, friluftsgudsteneste	s. 11

Den uforståelege Gud.

Sokneprest Kjell Steinbru

«Stephen Hawking makes it clear: There is no God.» Stephen Hawking er en vitenskapsmann som hevdar at det kan bli noko ut av ingenting, og at det frå først av vart til like mengder negativ og positiv energi og at dette igjen fusjonerte i et «Big bang», og så vart det gjennom tida, via tilfeldigheter, til den verda vi kjenner no. Derfor trengs det ingen Gud til å forstå korleis alt vart til, meiner Hawking. Om det skal sterk tru til å tru på at det verkeleg finnast ein Gud, så må eg seie for eige rekning at det jammen må sterk tru til å tru på dette òg.

Da eg las filosofihistorie til førebuaende universitetsstudium, lærte vi mykje om gudsbevis. Thomas Aquinas var ein av dei filosofane som var mest oppteken av å bevise Gud sin eksistens. Thomas levde på 1200-talet. Han meinte at det måtte vere noko som har satt i gang det heile, ein første beveger, men ein som sjølv er ubevegeleg og fullkomen. Dette er Gud, meinte Thomas.

Samstundes meinte Thomas at det var eit stort sprang, eit trussprang, frå å erkjenne Gud som ein som satte det heile i gang, til den Gud som vi vedkjenner oss til som kristne.

Om lag det same kom Immanuel Kant fram til: Det må finnast ein overjordisk instans som er fullkommen. Denne kan vi kalle Gud. Men i vårt indre er ikkje Gud ei rasjonell overtiding, men noko verdfullt som vi har med oss inn i våre liv. Her er det tale om tru, meinte også Kant.

For meg er gudsbevis eigentleg ikkje så viktig. Det som er viktig er Bibelen sitt vitnemål om Gud som er vår Fader i himmelen, og som

kjem til oss gjennom Jesus, og som vil vere med oss i våre liv, frelse oss frå all synd, og gje oss eit evig liv hos Gud.

Eg har funne mykje trøyst i det at vi er ikkje kalla til å forstå Gud, men til å take i mot Gud og den kristne budskapet. Det er vårt kall. Eg finn så mykje trøyst i dette som står i profetboka til Jesaja: For mine tankar er ikkje dykkar tankar, og dykkar vegar er ikkje mine vegar, seier Herren. Som himmelen er høgt over jorda, slik er mine vegar høgt over dykkar vegar og mine tankar høgt over dykkar tankar.

For eigen del har eg stor sans for kong David, då han på ein ein klar og mørk haustkveld (tenkjer eg) løfter blikket mot himmelen og seier: Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar, månen og stjernene som du har sett der, kva er då eit menneske – at du hugsar på det, eit menneskebarn – at du tek deg av det?

Denne undringa David ber i seg har eg stor sans for.

Det er likevel eit stort sprang frå å erkjenne Gud sin eksistens, til å tru at Gud sende Jesus til oss for vår frelse. Men dette er vi heller ikkje kalla til å forstå, men til å ta i mot, og la det verte ei kraft inn i våre liv, ei kraft til frelse for kvar den som trur. Dette står fint forklara i 1. Johannes` brev: I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han.

I alt dette vert Gud enda større. Ikkje berre har han sett det heile i gang. Men han har skapt kvar einskild av oss og gjeve oss denne jordkloden som vi lever av og på. Kong David er så takknemleg for livet sitt. I salme 139 kan vi lese: Eg takkar deg for at eg er så underfullt laga. Underfulle er dine verk, det veit eg godt.

I staden for å bruke kreftene våre på å freiste å forstå Gud, skulle vi heller gjere som David: Verte fylde av takksemnd og undring.

*O store Gud, når jeg i undring aner,
hva du har skapt i verden ved ditt ord.
Ser universet med de mange baner,
og vet alt liv oppholdes ved ditt bord;
/ Da bryter lovsang ifra sjelen ut,
O store Gud, o store Gud! */**

Friluftsgudsteneste på Austadneset

Tekst: Knut Gakkestad Foto: Karin Wiehe

Av praktiske grunnar flytta vi den tradisjonsrike friluftsgudstenesta på Skore til Austadneset. Her kan ein køyre heilt fram til gudstenestestaden, og der er eit jorde med rikeleg parkeringsplass.

Vi var spente på kor mange som ville møte fram, og veret var også noko usikkert, men det klårna opp og vart fint. Folk kom køyrande både frå sør og nord, i alt 42 var med på gudstenesta, der Kjell Steinbru formidla evangeliet på ein fin måte.

Hans Jurgen Wiehe spelar alltid fint, i tillegg er kona hans Karin ein framifrå fotograf som desse bileta viser.

Etter gudstenesta var det tid for grilling på bålpanna, og folk kosa seg i det fine sommarveret til godt utpå ettermiddagen.

Tilbakemeldingane etter gudstenesta var så positive at det blir nok Austadneset neste år og.



Olsokmessa i Sandnes kapell 29.07.2017

Tekst: Svein Kleivane Foto: Lars Tore Gakkestad

25-30 menneske møtte opp, og Kristina Grundetjern heldt ei god preike over eit krevjande tema. Eit liv i overflod og forbruk er ikkje alltid eit godt liv. Kva med å vere meir nøgd med det ein har?

Underskrivne framførte fortellinga om "Bonden Paavo" som strevde for å livberge familien sin. Hans Jurgen Wiehe trylla atter fram dei liflegste toner på eit orgel som visstnok ikkje er av dei aller beste. Det blei ei fin stund i kapellet, og etterpå fyrte Lars Tore Gakkestad opp bålpanna nede ved fjorden.

Det blei kaffi, og etterkvart dukka det opp både tyske og norske pylser, samt søtare godsaker. Det var kjølig, men opphald, og avåta såg ut til å ha lite lyst på kyrkjefolk akkurat denne kvelden.

Badetøy og solkrem vart det ikkje bruk for!



*Kos rundt bålpanna etter Olsokmessa.
Frå venstre Karin Wiehe, Hans Jurgen Wiehe, Svein Kleivane, Knut Å. Eldhuset og Sigbjørn Horverak*

Folkemusikkmesse

sundag 20. august 2017

Tekst og Foto: Rune Stormark

Mange ville høyre folketonar.

Det blei folksomt på Tveit då det igjen vart skipa til Folkemusikkmesse i Austad kyrkje.

Rundt 50 personar fant vegen til den årlege Folkemusikkmesse, som tradisjonen tru vart leda med stødig hand av den dyktige organisten Ian Richards. Han hadde fått med seg gode musikantar frå Rysstad. Anne Helle Hagen spelte fele, medan Tora Åkre Lund og Tone Rysstad song til glede for den store flokken som var samla i kyrkja. Sokneprest Rune Stormark forretta, og leiar for soknerådet i Bygland, Knut Gakkestad leste tekstar og takka musikantane med blomar.

Folkemusikkmesse i Austad kyrkja er ein fin tradisjon i Setesdal, og Ian Richards høsta som alltid mange lovord for initiativet og ikkje minst for framifrå orgelspel. -Dei kunne

med fordel ha spelt endå meir, sa ein begeistra tilhøyrer Astrid Nordgarden, noko som må vere ein god attest til musikantane denne dagen.



Tora Åkre Lund, Tone Rysstad (song) og Anne Helle Hagen (fele) framførte tradisjonsrike folketonar i Austad kyrkje.

Knut Gakkestad delte ut blomar til Anne Helle Hagen, Tora Åkre Lund, Tone Rysstad og Ian Richards med sonen Martin.



Godtfolk frå Bygland i Kirkehamn

Tur til Hidra

Tekst: Svein Kleivane Foto: Olav Nilsen

Hidra er eit øysamfunn ut mot havet litt sørvest for Flekkefjord, rundt 5 minutt med ferje frå fastlandet. Øya er om lag 1 mil i lang, nokre kilometer på tvers, og delt av Eiekanalen omtrent midt på øya. Her bur om lag 500 menneske i dag, men tidlegare langt fleire.

Dei fleste bur i Rasvåg, på Eie og i Kirkehamn - eller "Habnen" som dei seier på folkemunne.

Historisk sett er desse samfunna bygd opp av sjøfart og fiskeri. I dag er fiskeoppdrett ei stor og viktig næring. I tillegg har familien Ulland framleis eit fiskemottak i Kirkehamn.

Øya har og eigen skule og barnehage, i tillegg til to butikkar. Den i Rasvåg heiter Osm.M.Larsen, og den i Kirkehamn R.B.Nilsen. Sistnemnde kjem me attende til.

Hit drog altså dei kyrkjeleg tilsette og Vonheimkoret på tur første helga i september - i kommunal buss må vite, og vel-signa med strålende sommerv-er.

Olav Nilsen, vår aldri kvilande kyrkjevevjerje, hadde organisert turen, avdi far hans kjem frå Hidra. Dermed har han mykje familie og kjenningar der ute.

Første stopp var i Rasvåg, som ligg på austsida av øya - rett innafor Listefjorden.

Midt i idyllen blei medbragt nistemat fortært på ei brygge som Olav hadde ordna.

Så var det tur til Loshytta, heilt ydst i Rasvåg, og med stor slått utsikt mot Listalandet og Lista fyr. Ein kunne sjå for seg losane i farne tider der dei sat og speida etter seglskip som signaliserte etter los. Så var det første mann som entra skipet som fekk jobben. Mange liv gjekk tapt i vågale seglingar med losbåten for å kome først. Etter avreise frå Rasvåg gjekk turen til Hågåsen, som ligg på

Tur til Hidra forts.

vestsida av øya, rett bak Kirkehamn.

I 1941 bygde tyskerane eit forsvars- og observasjonsanlegg på Hågåsen. Med det vide utsynet over kystlinja frå Lista i sør til Eigersund i vest er det lett å skjønne plasseringa. 150 mann var stasjonert her, og endå kan ein sjå godt bevarte murar, vegar og fundament.

Eitt av dei mange syskenborna til Olav - Reidar Nilsen - var tilfeldigvis på Hågåsen då me var der, og kunne fortelja meir frå krigen dagar.

Forholda mellom tyskerane og lokalbefolkninga var rimelig godt, og dei bruka framleis området til beite. Det tyskerane ikkje visste var at dei to karane som kom for å mjølke kyrne kvar dag, hadde greid å montere eit kamera i botnen av mjølkebytta. Desse bileta blei så sendt til England. Det har i ettertid vist seg at dei allierte styrkane gjennom dette var svært godt orienterte om anlegget.

I 1943 vart dei to karane avslørt og arrestert, og sat resten av krigen på Grini. Den eine av desse var Reidars far, Nicolai Nilsen

Me har allereie nemnd butikken i Kirkehamn, R.B.Nilsen.

Den ber namnet sitt etter Olav Nilsens bestefar, Rosinius Bernhard Nilsen, fødd i 1879.

På den tid gjekk det store vekkingar over Sør- og Vestlandet, og sentralt i desse vekkingane stod den kjende svenske skribent og forkynnar Carl Olof Rosenius. Foreldra valde på ein måte å kalle den eine sonen sin opp etter han, men med ein liten lokal vri - altså Rosinius. Han sjølv var ikkje særlig glad i det namnet, og brukte derfor



Hidra kyrkje i solnedgong



Utsikten frå kyrkjedøra

mest "R.B.Nilsen" - både privat og i dei forretningane han dreiv.

At Olav Nilsens slekt er stor, skjønar me når me veit at Rosinius og kona hans Gjertrud, fekk 13 born. I dag tel etterkomarane deira rundt 680 personar.

R.B.Nilsen og nokre andre som dreiv handel med fisk, sette opp Isbua på byrjinga av 1900-talet.

Frå ei lita tjønn laga dei ei renne, og når isen utpå vinteren var rimeleg tjukk, skar dei opp isblokker på rundt 60 x 60 cm, og sende dei ned renna til Isbua. Her blei isen lagra og pakka ned i sagespon. Så kunne dei utover sommar og haust ta desse blokkene og male dei opp. Dette var den tids form for kjøling av fisk. Isen i Isbua kunne halde seg i to år!

I nyare tid er Isbua restaurert og blir i dag nytta som

restaurant. Til glede for oss, og vonaleg eigarane, var heile bunten i Isbua på laurdagskvelden og gafla i seg bakt brosme som om dei aldri hadde ete anna. Men godt var det - og moro!

På sundagen fekk me vera med på messe i Hidra kirke. Som i Bygland er kyrkja bygd for eit langt høgare folketal enn i dag. Men eg trur både dei tilreisande og dei lokale kjende godt på den fellesskapen me har som kristne. Vonheimkoret deltok,

og gjorde sitt beste - som alltid!

Etter ein sving innom Isbua, der dei hadde sundagsbufe, la me så turen heimover att, og med takksemnd for at Hidrafolket tok så godt imot oss. Takk og til dei som trødde til for å ordne kost og losji. Takk til dei som stilte opp og viste oss rundt. Og takk for god og sømeleg adferd i bussen!

Svein Kleivane, sjåfør



Heile reisefylgjet samla i Rasvåg

Blueskonsertar med Jon "Rev. John" Ultvedt og Charlie Blackwater

tekst og foto: Olav Nilsen

Helga 8.-9.september vart det skipa til blueskonsertar på Røyknes bedehus og i Bygland kyrkje med Jon "Rev. John" Ultvedt og Charlie Blackwater.

Jon Ultvedt er i dag blant dei framste bluesmusikarane i Noreg, og har i fleire år vore heilt sentral i bluesmiljøet i Skien og Notodden - mellom anna som musikalsk leiar og arrangør av "Grenland Allstars Bluesnight" som kvar lille nyttårsaftan samlar fulle salar i Ibsenhuset. Han reiser og rundt med gruppa "Rev. John Band" som blant anna vitja Bygland kyrkje i fjor haust.

Då dukka og Charlie Blackwater opp i salen, og dermed vart han spontant teken oppå på scenen der han utan forvarsel glei rett inn i bandet og spela både solo og understøtta resten av bandet som

om han ikkje skulle ha gjort noko anna heile sitt liv. Jon Ultvedt spelar piano og syng, medan Charlie Blackwater som kjent er ein av dei beste munnspeleparane i heile Skandinavia!

Då dei ankom Røyknes bedehus i halvfemtida fredags ettermiddag rigga dei til utstyret, tala litt om kva songar dei kan hende skulle spela, og så øvde dei ikkje meir før dei halvåtte stod på scenen. Det einaste Jon Ultvedt trang gjera var å seia kva dur låtane gjekk i, og så gleid resten av seg sjølv.

Av og til gløymde han å seie frå om duren og, men likevel var Charlie på nett med ein gong, og fann fram dei munnspelepar som passa. Me skriv "dei" avdi han enkelte gonger spelar på to munnspelepar samstundes! Kor mange han hadde med av

samlinga si på 6-700 munnspelepar veit ein ikkje, for han byttar munnspelepar så fort at du aldri legg merke til det ein gong!

Det vart to herlige kveldar med ei salig blanding av blues, gospel og "broder Åge".

Blues er ei musikkform som går rett til sjela, og når det vert blanda med feiande gospelrytmer eller fengande songar av Åge Samuelsen rykkjer det både i godfoten og langt inne i hjarterota.

Ganske mykje folk fann vegen desse kveldane, men det er alltid plass til fleire!

Så neste gong du ser desse karane på plakaten, er det berre å skunda seg til næraste konsertlokale!



Musikk i stille stunder

Tekst og foto: Jan Richards



Fredag 17. november kl. 19.30 innbyr organist Ian Richards og trompetist Per Sigmond til ein konsert dei kallar "Musikk i stille stunder" i Bygland kyrkje.

Mykje av musikken dei vil framføra skriv seg frå ein CD dei i felleskap utgav i 2014, og med same tittel som kveldens konsert.

Her vil me høyra mange kjende toner frå "Eg veit i himmerik ei borg", "Hymne av Nils Larsen", "Gabriels obo". "Ave Maria" av Schubert, "Air" av Bach m.v.



Ian Richards er eit namn som kling godt over heile Agder. Han er til daglig organist i Oddernes kyrkje, og gift med Hildegunn Richards som tidlegare var organist i Bygland. Ian Richards har fleire gonger delteke i Austad kyrkje - både på påskekonsertar og folkemusikkmesser.

Denne kvelden vil han spela på orgelet i Bygland kyrkje, medan Per Sigmond denne kvelden spelar flygelhorn som har ein litt mjukare tone enn ein vanlig trompet.

Velkomen til "Musikk i stille stunder"!

Arrangør: Bygland sokneråd

Føljulskonsert med Bjarne Stølen og Anne Karin Kåsa

Tekst og foto: Jan Richards



Fredag 1. desember kl. 19.30 vert det Jolekonsert i Bygland kyrkje med Bjarne Stølen og Anne Karin Kaasa.

Byglands eigen Anne Karin Kaasa skulle vera kjend for dei fleste av Kyrkjebladets lesarar.

Denne gongen vil ho framføra songar frå Bjarne Stølen's nye jolealbum, tradisjonelle jolesongar og perler frå sitt eige jolerepertoar.

Bjarne Stølen er busett på Øvrebø, og har i tillegg til å vera lærar i grunnskulen, skreve og komponert mange salmar og songar. Han har og vore rektor i musikkskulen og i ei årrekke organist i Øvrebø kyrkje.



I år har Bjarne Stølen spelt inn 12 eigenkomponerte jolesongar som på plata vert framført av sju ulike solistar - mellom dei Anne Karin Kaasa. Han har gjennom åra samarbeidd med fleire tekstforfattarar som og er representert på denne jolesamlinga. På konserten vil Anne Karin framføra tekster av Per Høidalen, Svein Takle og Haldis Reigstad.

Det vert høve til å kjøpa jole-CD'en etter konserten.

Velkomen til ein stemningsfull og fin jolekonsert med innhald og meining!



VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

Sundag 8. oktober.

Sandnes kyrkje kl. 14.00

Familiegudsteneste.

Lutherjubileum. Tema: Frelsa er ikkje til sals

Utdeling av 10-årsbok

Kjell Steinbru

Sundag 15. oktober.

Bygland kyrkje kl. 19.00

Konsert med Vonheimkoret og Hans

Jurgen Wiehe

Sundag 22. oktober.

Årdal kyrkje kl. 16.00. Familie-

gusteneste. Utdeling av 10-års-

bok. Konfirmantpresentasjon.

Kyrkjekaffi

Takkoffer: Frelsesarmeen

Kjell Steinbru

Sundag 29. oktober.

Bygland kyrkje kl. 11.00.

Minior Barnemøte på Vonheim hausten 2017:

Måndag 25. September Kl 1700

Måndag 23. Oktober Kl 1700

Måndag 6. November Kl 1700

Måndag 20. November Kl 1700

Måndag 4. Desember Kl 1700

Bønnemøte hausten 2017

Johannes evangelium 15:7

Tysdag 5. September Kl 19.30: Åraksbø Grendehus

Måndag 25. September Kl 19.30: Vonheim

Måndag 9. Oktober Kl 19.30: Åraksbø Grendehus

Måndag 23. Oktober Kl 19.30: Vonheim

Tysdag 7. November Kl 18.45 Åraksbø Grendehus 1930

Møte med Åge Solsvik

Måndag 20 November Kl 19.30: Vonheim

Måndag 4. Desember Kl 19.30: Åraksbø Grendehus

Måndag 18. Desember Kl 19.30: Vonheim

Gudsteneste. Nattverd.

Utdeling av 4-og 6-årsbok

Takkoffer: Bibelselskapet

Kjell Steinbru

Sundag 5. november.

Sandnes kyrkje kl. 11.00

Minnegudsteneste. Nattverd.

Takkoffer: Prostediakoniarbeid

lokalt

Kjell Steinbru

Sundag 12. november.

Ose grendehus kl. 11.00.

Gudsteneste. Nattverd.

Lutherjubileum. Tema: Menn-

eske er ikkje til sals

Rune Stormark

Fredag 17. november.

Bygland kyrkje kl. 19.30. Musikk

i still stunder. Ian Richards og

Per Sigmond

Sundag 26. november.

Bygland kyrkje kl. 17.00. Lys-

messe. Konfirmantane deltek.

Takkoffer: Frelsesarmeen

Kjell Steinbru

Fredag 1. desember.

Bygland kyrkje kl. 19.30. Jole-

konsert med Bjarne Stølen og

Anne Karin Kaasa

Laurdag 9. desember.

Årdal kyrkje kl. 17.00. Jole-

konsert ved Bygland Horn-

musikk mfl. Kollekt.

Sundag 10. desember.

Bygland kyrkje kl. 16.00.

Jolekonsert ved Bygland Horn-

musikk mfl. Kollekt.

Sundag 17. desember.

Sandnes kyrkje kl. 18.00 "Me

syng jola inn" ved Vonheimkor-

et.

Sundag 24. desember.

Byglandsheimen kl. 13.00

Julegudsteneste

Kjell Steinbru

Bygland kyrkje kl. 14.00.

Julegudsteneste.

Takkoffer: Lærerakademiet

Kjell Steinbru

Årdal kyrkje kl. 16.00.

Julegudsteneste.

Gong rundt juletre.

Takkoffer: NMS

Kjell Steinbru

Måndag 25. desember -

1. juledag.

Sandnes kyrkje kl. 16.00 Jule-

gudsteneste.

Takkoffer: Misjonsprosjekt for

kyrkjelyden

Rune Stormark

Onsdag 27. desember -

3. juledag.

Ose Grendehus kl. 17.00

Julegudsteneste.

Juletreffest etter gudstenesta.

Kjell Steinbru

Åtvaring!

Eg kjøpte ny kokeplate her om dagen. I pakt med tida fylgde det med eit heilt arkiv med instruksjonar og åtvaringar på 25 språk. Også på norsk - bokmål sjølvst...

Eit av punkta var: "Surr ikke ledningen rundt halsen. Det kan føre til kvelning".

Kyrkjebladets lesarar er hermed åtvara!

Svein Kleivane

Friluftsgudsteneste på Tveitå

Tekst: Sigrid Åsen Haugsgjerd Foto: Alf Georg Kjetså

Sundag 25.juni var det friluftsgudsteneste på Tveitå, der nesten 30 personar la vegen.

Det var kanskje ikkje heilt det sommarveret ein kunne håpe på når det blir invitert til friluftsgudsteneste i juni, men mange møtte likevel opp til ei trivelig stund på Tveitå. Årdal sokneråd stod for arrangementet, der Tveitåfolk severte kaffi og kaker. Sokneprest Rune Stormark forretta, og vår faste sumarorganist Hans Jurgen Wiehe spelte til songane.



KONTORTID TELEFONLISTE Kyrkjelydane i Bygland

Bygland kyrkjekontor, kommunehuset
4745 Bygland **37 93 47 00**
Telefaks **37 93 47 01**

Heimeside: kirken.bygland.no

Sokneprest Kjell Steinbru

Kontortid: Tysdag kl. 09.00–15.00
Telefon: 473 28 472
E-post: prest@evje.kirken.no

Kyrkjeverja har kontortid til
følgjande tider:

Onsdag kl. 09.00–15.00
Torsdag kl. 09.00–15.00
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Kyrkjeleg fellesråd og sokneråd

Bygland kyrkjelege fellesråd og
Bygland sokneråd, leiar:
Knut GakkestadTlf.: 37 93 58 46
Mobil: 948 80 383
E-post: knutgakkestad@yahoo.no

Årdal sokneråd, leiar:

Gunnar Gautland 908 25 928
E-post: ggautland@bygland.no

Tilsette

Kyrkjeverje

Olav Nilsen 982 99 711

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad 37 93 58 46

Kyrkjetenar og klokkar, Årdal

Olav Sordal 37 93 42 81

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Kim Andre Thorstensen . . 984 69 989
Svein Kleivane 977 74 321

Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid 37 93 43 54

Reinhaldarar

Tora Vegsdal
(ansv. Årdal) 37 93 41 34
Maria Bue (Bygland) . . . 37 93 53 70
Thora Bakke Nordgarden
(Sandnes) 994 54 393

B - BLAD

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje

DISTRIBUERT AV POSTEN
posten
NORGE P.P. PORTO BETALT



Utsikt frå Hidra kirke mot vest.

Foto: Tone Norgarden Gakkestad